

# ÅRSPLAN

*Karstad barnehage*

**2021**



## Innhald

Informasjon .....	3
Visjon .....	5
Kva er ein årsplan? .....	5
Verdiforiming i barnehagen .....	6
Dei sju fagområda .....	8
Vårt syn på barn .....	9
Overgang barnehage – skule .....	9
Satsingsområde.....	9
Språk og kommunikasjon.....	9
Leik.....	10
Barns medverknad.....	10
Tilvenning .....	10
Tidleg innsats .....	11
Revisjon av årsplan .....	11
Samarbeidspartar .....	11
Foreldresamarbeid.....	11
Personalsamarbeid.....	12
Temaval og årshjulet .....	13
Dokumentasjon og vurdering .....	13
Aktivitetsplan 2021-2022.....	14

## *Informasjon*

Barnehagen ligg fint til ved vatnet på Karstad i Solheimsdalen. , Karstad barnehage er en kommunal barnehage og den vart oppretta i 2006 i same bygg som Karstad skule, som blei lagt ned i 2021.

Barnehagen legg til rette for at barna skal få oppleve og utforske naturen i nærmiljøet.

Barnehagen er på turar i skogen og er med i sauefjøset og ser andre norske husdyr. Vi reiser til Førde på museet, teater, bibliotek og symjing. Vi reiser og for å oppleve og delta på arrangement i regi av den kulturelle skulesekken.

### **Personalet:**

Personalet består av styrar i 30 % stilling, assistentar i tilsaman 160% stilling og pedagogisk leiar i 100% stilling. Personalet har jamlege personalmøter, ca ein gang pr.mnd. Personalet har 5 planleggingsdagar pr. år, då er barnehagen stengt.

### **Telefon avdeling 57724431**

Styrar: Gudbjørg Gudmundsdottir Kleppe. Telefon: 57612843 Mobil: 95415564

[Gudbjørg.gunnarsdottir.kleppe@sunnfjord.kommune.no](mailto:Gudbjørg.gunnarsdottir.kleppe@sunnfjord.kommune.no)

Pedagogisk leiar: Greta Mulen Hetland.

[Greta.mulen.hetland@sunnfjord.kommune.no](mailto:Greta.mulen.hetland@sunnfjord.kommune.no)

Assistent: Else Lokøy

Assistent: Marlén Aimee Knutsen

### **Planleggingsdagar 2021/2022**

▫13. august

▫12. november

▫24.januar

▫18. mars

▫17. juni

### **Opningstid:**

Barnehagen er open 5 dagar i veka (måndag-fredag), frå kl. 7.30 – 16.30. Barnehagen er stengt 3 veker på sommaren. Dersom nokon har behov for barnehageplass i desse vekene vil ein få tilbod i ein annan barnehage i kommunen. Barn skal ta ut minst tre veker samanhengande ferie i tidsrommet 1.6-1.9

### **Dagsrytme**

Vi har lagt opp til faste rutinar gjennom dagen i barnehagen. Vi veit at oversikt og faste rutinar er med og aukar tryggleiken og trivselen til barn.

<b>Klokka</b>	<b>Aktivitet og innhald</b>
07.30	Barnehagen opnar.
08.00-08.30	Ferdig med frukost
08.30	Frileik / organisert leik ute eller inne.
10.30	Samling
11.00	Formiddagsmat
11.45	Kviletid, deretter leik ute eller inne
14.15	Fruktmåltid / skive / knekkebrød
15.00	Frileik inne/ute
16.30	Barnehagen stenger

Barna får mat, mjølk og frukt i barnehagen. Dei som ikkje drikk mjølk kan få vatn. Vatn blir brukt som tørstedrikk.

Dei som skal ete frukost må vere komne i barnehagen slik at ein er ferdig til 8.30

Gje beskjed dersom barnet kjem eller blir henta i kjernetida som er frå 9.30-14.00

Gje beskjed dersom barnet har fri eller vert borte p.g.a. sjukdom

Den som leverer/hentar barnet kler av/på uteklede og eventuelt innesko, og følgjer barnet inn på avdelinga/kjøkkenet.

Den som leverer/hentar barnet skal ha kontakt med personalet så vi er trygge på kven som har ansvar for barnet.

### **Bading**

Dei barnehageåret får 5 åringane tilbod om symjeopplæring i Terapibassenga.

### **Gebursdagsfeiring**

Vi markerer barna sin fødselsdag i barnehagen, enten den dagen dei fyller år, eller etter avtale med foreldre. Vi lager krone til barnet, syng for det og tradisjonen tru – lagar vi noko godt til lunsj. Barnet får vere med å bestemme kva vi skal kose oss med og å lage i stand måltidet. Vi har laga ei oppskriftsbok som barna kan vere med å bla i og å velje matrett. Vi har fargerike og sunne oppskrifter, men og tradisjonsmat som bollar, pannekaker, lappar, vaflar osv. Personalet ynskjer ikkje at gebursdagsinvitasjonane til barna si feiring heime blir sende med barna i barnehagen. Dersom enkeltbarn ikkje blir inviterte er dette sårt for barnet, dette bryt med barnehagen sitt verdigrunnlag.

### **Gymsalen**

Gymsalen vert brukt jamleg, spesielt i skikkeleg styggevær er den god å ha. Dette er svært populært blant barna. Vi vekslar mellom frie aktivitetar og voksenstyrte aktivitetar. Barna får bruke heile kroppen som t.d., klatre, hoppe, rulle, krype og springe så fort dei kan. Dei får øve

på aktivitetar med ball, øve seg i å følgje reglar i leik t.d. ”haien kommer” og ”bjørnen sover” m.m. Dei får øving i å ta imot, forstå og følgje beskjedar.

### **Kjøkkenet:**

Kjøkkenet vert brukt til måltid og matlaging. Barna får vere med å bake og lage mat når vi har matdag. Elles bruker vi kjøkkenet når vi malar, byggjer med lego eller andre aktivitetar som inneheld smådelar.

### **Avdelinga:**

Det er her vi har hovudbasen vår, mesteparten av leikane og utstyret er her inne.

### **Gang/garderobe:**

Gangen vert brukt til å henge i frå seg utekle og sko, vi har og korgar med skiftklede her. Gangen vert nytta som leikeareal ved behov.

## *Visjon*

**Vi skal jobbe ut frå Sunnfjord kommune sine verdiar og visjonar; Saman er vi drivande gode. Vi er ein – engasjert, inkluderande og nær.**

Karstad barnehage sitt slagord/visjon er ”vi leikar og lærer, vi utviklar oss”. Gjennom dette ligg det eit ønske om å vere ein barnehage der tilhøve mellom dei deltakande partane, barn, foreldre og tilsette, er tette og gode. Dette oppnår vi best gjennom ein open og god kommunikasjon. Det skal derfor alltid vere lett å få prate med dei tilsette og setje opp ekstra møter om det trengst. Vårt felles mål er barna sitt beste!

Vi ynskjer at born og foreldre skal få kjensle av at dette er ”min” barnehage og vi ynskjer å gjere det beste for at barna skal få oppleve den gode barndommen i lag med andre barn og vaksne. Dette krev at foreldre er med på å forme den gode barnehagen slik de ynskjer det i lag med egne barn og andre sine barn. At ein stiller opp og er der når vi treng kvarandre i aktivitetar der det er lagt til rette for at foreldre/føresette skal delta. At vi samarbeider i hente- og bringesituasjonar og lagar avtalar med personalet og spør dersom det er noko ein ynskjer meir informasjon om. Likeeins helse om morgonen og ta farvel når ein hentar barna om ettermiddagen.

## *Kva er ein årsplan?*

- Eit arbeidsredskap for personalet
- Ei synleggjering av det pedagogiske arbeidet vårt for foreldre og andre
- Eit utgangspunkt for samarbeid med foreldra
- Skal innehalde barnehagen sine mål og metodar
- Skal vise kva vi legg vekt på i arbeidet med barna

Årsplanen er først og fremst meint som eit arbeidsdokument for personalet i barnehagen, samstundes som den skal gje foreldre og andre interesserte innsikt i og informasjon om mål og innhald i barnehagen si pedagogiske drift. Årsplanen vert utarbeidd på bakgrunn av rammeplan i 2017 og lov om barnehagar. Rammeplanen for barnehagen er eit naturleg arbeidsdokument som vi nyttar i planlegginga av vårt arbeid. Den nye rammeplanen er meir tydeleg på kva personalet skal gjere i sitt arbeid i barnehagen. Dette fordrar at alle som arbeider i barnehagen skal lese og reflektere og ha ei tydeleg forståing for sine arbeidsoppgåver.

### **Kvifor årsplan?**

Barnehagen er gjennom barnehagelova pålagt å utarbeide ein årsplan. Denne skal gje ei oversikt over det pedagogiske arbeidet gjennom året. I årsplanen skal det komme fram korleis barnehagen forstår omsorg, leik, læring og danning, tidleg innsats, barns medverknad, foreldremedverknad, korleis vi markerer ulike internasjonale, nasjonale og lokale tradisjonar. Det skal og komme fram korleis barnehagen jobbar i høve overgang barnehage-skule, korleis vi praktiserer tilvenning, korleis vi dokumenterer og vurderer arbeidet og korleis vi planlegg å revidere årsplanen.

### *Verdiformidling i barnehagen*

Foreldre har hovudansvar for oppsedinga av barna og skal lære dei kva som er rett og gale og elles rettleie dei i viktige livsspørsmål. Oppsedinga i barnehagen skal, etter lov om barnehagar, byggje verksemda si på dei etiske grunnverdiane som er forankra i vårt samfunn.

**Toleranse, nestekjærleik og respekt** for andre er sentrale verdier i vårt arbeid med barn. For å etterleve desse verdiane skal personalet sjølv reflektere rundt si eiga evne til å vere tolerant, vise nestekjærleik og syne respekt for barn, foreldre, kvarandre og i omtale og møte med andre kulturar og folkeslag. Personalet skal gje kvarandre tilbakemelding på korleis vi utøver vårt arbeid i det daglege og vi tilbyr og gir rettleiing til kvarandre. Vi skal og rettleie og samtale med barna omkring desse spørsmåla. Vi tenkjer at ved å fremje undring over likskapar og forskjellar viser vi at vi kan alle lære av kvarandre.

Vi skal syte for at alle barna vert sett og anerkjent for den dei er og synleggjere at kvar og ein har ein viktig plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen deltek i Forut-aksjonen kvart år fordi vi då får bli kjent med ein heilt anna kultur og levesett enn den vi sjølv er ein del av. Barna får kunnskap om og vert nyfikne på at det er barn som lever og bur heilt annleis enn det vi gjer, men at mange av verdiane i livet er akkurat dei same.

**Barnehagen skal formidla sentrale kristne tradisjonar** slik dei kjem til syne ved dei kristne høgtidene. I vår barnehage er det spesielt jul- og påskehøgtida som vert markert fordi det er desse høgtidene barna som går i barnehagen no markerer i heimen sin. Vi reiser til kyrkja i forbinding med jul og påske og får der høyre kva som er bakgrunnen til desse to høgtidene. Vi har hatt barn frå andre kulturar i barnehagen tidlegare og då markerer vi ulike høgtider som dei er vane med, det vil vi sjølvsgt også gjere i framtida.

I vår barnehage skal vi vareta, i samarbeid og forståing med heimen, barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

### **Omsorg:**

- Det blir stilt krav til personalet om å vere merksam på og åpen for det unike hjå kvart enkelt barn.
- Lydhørhet, nærleik, innleving og evne/vilje til samspel er element for ein omsorgsfull relasjon, barnehagen skal tilby eit miljø prega av glede, humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet.
- God omsorg styrker barns forutsetning for å utvikle god sjølvkjensle.
- Omsorg handlar om gjensidigheit i samspelet, barn skal møtast på ein omsorgsfull måte, dette krev eit ansvarsbevisst personale som er nærværande og engasjerte i kvart barn sin trivsel og utvikling.
- Alle barn skal få høve til å gje -og ta imot omsorg, det er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse og vidare læring. Vi oppmuntrar barna til å vere gode med kvarandre, vere med å trøyste når nokon har vondt eller er lei seg og ved at personalet sjølv skal vere gode eksempel for barna i så måte.



### **Danning:**

- Med danning tenkjer vi på korleis vi er med å utvikle barnet som heilt menneske, gjennom leik og læring.
- Vi vil la barna ta del i varierte impulsar, opplevingar og erfaringar lokalt i nærmiljøet, nasjonalt (for eksempel at ein feirar 17 mai over heile landet) og internasjonalt ( for eksempel gjennom forut-aksjonen, og ved å synleggjere ulike måtar ein markerer jul- og påske på)
- Vi vil fremme barna si nyfikenheit og undring over likskapar og ulikskapar ved å studere kvarandre, familiare våre og barn frå andre kulturar.
- Vi vil vere med og legge grunnlag for barna si evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Dette skal vi gjere i samtalar og i handling.
- Vi vil støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna ved å bekrefte barna på den dei er og det dei gjer.

### **Leik:**

- Leikefellesskap legg grunnlag for barns vennskap med kvarandre, vennskap er viktig for trivsel i barnehagen, det er derfor viktig at alle får delta i leik.
- Gjennom leik og samhandling med kvarandre legg barn grunnlaget for læring og sosial kompetanse, dei utviklar seg intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt.
- Innhaldet i barnehagen skal inspirere til fantasi, skaparglede og livsutfolding, personalet må derfor vere tilgjengelige for barn ved å inspirere, støtte og oppmuntre barna i leik.

- Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein sentral del av barnehagekvardagen.
- Leiken er frivillig og er grunnleggande for barn si læring og utvikling
- Personalet på Karstad skal sjå til at barna får tid og rom til å leike og dei skal støtte opp om og gje nye innspel til leiken der dette er naturleg.
- Personalet skal syte for at barna har eit variert leikeutstyr tilgjengeleg og det skal ha god kvalitet.

### **Læring:**

- For å danne eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen, må vi møte barna si undring på ein engasjerande og utforskande måte.
- Å hjelpe til slik at gode relasjonar utviklar seg er viktig for all læring. Det skapar god sjølvkjensle, gir høve til utvikling av vennskap og oppleving av glede og meistring.
- Den uformelle læringa er kanskje den viktigaste forma for læring hos barnehagebarn.
- Læring skjer i det daglege samspelet og det er mange her-og-no situasjonar kvar einaste dag som personalet må vere bevisste på og reflektere rundt.
- Vi tenkjer at barna sjølv skal få vere aktive med i eigen læreprosess bl.a ved at dei får varierte opplevingar og lære ved å gjere.
- Barna skal få tilpassa utfordringar og dei skal få kjenne på mestringsfølelsen når dei får til nye ting bl.a. ved positive tilbakemeldingar, ros og støtte undervegs.

## *Inkluderande barnehage*

Personalet har delteke i og gjennomført programmet «inkluderande barnehage» som alle tilsette i Sunnfjord kommune er ein del av. Dette er eit nettbasert kurs som går over tre semester og skal gjere oss betre i stand til å oppdage og jobbe førebyggjande for at alle barn skal oppleve seg inkludert i barnegruppa og hindre krenkelsar og mobbing.

## *Dei sju fagområda*

I løpet av året skal barnehagebarna få erfaringar innan desse fagområda:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form



Det skal vere progresjon i løpet av barnehageperioden som skal dokumenterast på ulike måtar, bl.a. i TRAS og i barnets sin eigen perm.

I barnehagen blir dei sju fagområda sett inn i ein sosial samanheng der språk- og grunnleggande kunnskapar knytte til kommunikasjon er sentrale. Førebyggande matematikkompreg er ein viktig del av språkopplæringa, og vi brukar omgrep og konkrete som skal danne eit godt grunnlag for å kunne anvende og forstå matematikk etter kvart som ungane blir eldre.

Som ein naturleg del av kvardagsaktivitetane vil vi prøve å dekke dei sju fagområda i rammeplanen. Det vil vi gjere i ”her-og-no-situasjonar”, i uformell læring og gjennom organiserte aktivitetar. Desse sju områda skal med andre ord gjennomsyre alle våre aktivitetar. For dei yngste barna vil det meste av læringa gå føre seg i kvardagsaktivitetar med det mål å byggje opp om omsorg og tryggleik, utvikling av sjølvstende og sosial kompetanse, stimulering til betre sjølvkontroll, konfliktløysing og utvikling av empati.

Vi ynskjer å gje barna gode meistringsopplevingar som utviklar eit positivt sjølvbilde hjå den einskilde. Eit positivt sjølvbilde gjer at barna er trygge og fungerer godt i samspel med andre barn og vaksne. I dette samspelet utviklar barna sosial kompetanse, språk- og kommunikasjonsdugleikar.

## *Vårt syn på barn*

Vi ser på kvart einskild barn som eit unikt menneske med egne kjensler, forutsetningar, meningar, ynskjer, behov og moglegheiter. Kvart barn skal møtast med omsorg og respekt ut ifrå sine forutsetningar. Det betyr at alle barn skal oppleve at deira meningar og ynskjer vert teke omsyn til, alle barn skal kjenne tryggleik og glede, oppleve fellesskap og at dei høyrer til i vår barnehage.

### **Gode beskjedar, ros og oppmuntring**

Personalet i barnehagen har fått opplæring i og jobba godt med det å gje gode beskjedar, og gje ros og oppmuntring til barna.

Gode beskjedar er å vere fysisk nær barnet, gjerne ta på, augekontakt, enkelt og forståeleg språk og følgje opp. Umiddelbar ros t.d. fint, flott og tommelen opp når barnet gjer det du vil det skal gjere.

## *Overgang barnehage – skule*

Når det ikkje lenger er skule her på Karstad, kjem vi til med å utvikle samarbeid med Flatene skule og evt. Slåttebakkane barnehage.

## *Satsingsområde*

### ***Språk og kommunikasjon***

*I rammeplanen står det at barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere,

medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Korleis gjer vi det i vår barnehage:

- Vi syng kvar dag, og vekslar mellom kjende barnesangar og forsøker å lære oss meir avanserte sangar.
- Vi har lesestund kvar dag og prøver å få til at alle barna skal bli lese for i bøker som høver deira interesser og utviklingsnivå.
- Personalet set ord på det som barnet og dei sjølv gjer på, både i leik, aktivitet og elles.
- Vi lyttar til det som barna fortel eller uttrykker og gir tilpassa respons
- Vi er lydhøyre og viser interesse for det barna er opptekne av.
- Vi forsøker å skape undring og samtale rundt ulike fenomenar
- Vi set ord på og brukar «enkle» setningar tilpassa barnet sin forståing av ord og ordforråd.

### *Leik*

I rammeplanen står det at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal legge til rette for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Korleis gjer vi det i vår barnehage:

- Vi skal gje opplevingar som kan stimulere fantasien, t.d. turar i nærmiljøet, og ved å vere «våken» og ta initiativ til leik sjølv for å bringe inn nye element i leiken.
- Ha eit variert og godt utstyr tilgjengeleg for ungane
- organisere dagen slik at barna får nok tid til å leike og romma slik at dei inspirerer til leik.
- vere bevisst på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken.
- vi skal fremje eit inkluderande miljø der alle barna får delta og oppleve glede ved leiken.

### *Barns medverknad*

Vi tenkjer at barna får medverknad ved:

- at vi lyttar og tek, om mogleg, hensyn til barna sine initiativ til aktivitetar og ynskjer
- at vi reflekterer, gjerne ilag, over barna sine reaksjonar og uttrykksformer og forsøker å tilpasse oss det
- at vi spør barna om deira mening om ulike aktivitetar og barnehagens innhald og dei skal få høve til å vere med og planlegge kva vi skal gjere på.

### *Tilvenning*

Nye foreldre og barn skal få tid og høve til å bli trygge i barnehagen ved å bruke god tid på tilvenninga. Vi begynner første dag ved eit kort besøk på omtrent 1,5 time for så å auke

gradvis opp tida dei er i barnehagen. Vi brukar ein tilknytingsperson blant personalet slik at barnet skal ha ein vaksen det er knytta meir til den dagen foreldra ikkje er der.

Tilknytingspersonen bruker tida si på det nye barnet og foreldra, dei skal bli godt kjent, lære om barnet sitt reaksjonsmønster, vanar, kva som roar og trøystar barnet osv.

Tilknytingspersonen introduserer resten av personalet og andre barn når det er naturleg. Den første tida skal det vere ekstra tett oppfølging. Etter nokre veker har pedagogen samtale med foreldre for å høyre korleis tilvenninga har fungert, kva vi eventuelt kan gjere annleis og utveksle anna informasjon.

## *Tidleg innsats*

For å kunne utøve tidleg innsats tenkjer vi at vi skal sette i verk tiltak til barn som treng ekstra hjelp og støtte så tidleg som mogleg fordi vi meiner at tidleg hjelp er god hjelp. Vi vil søke råd og rettleiing hjå andre instansar og i samarbeid med heimen, når vi opplever at det er behov for det.

## *Revisjon av årsplan*

Årsplanen vert revidert når barnehageåret er slutt ved at foreldre gir tilbakemelding på planen og personalet samtalar om kva som har fungert bra og kva som eventuelt må endrast.

## *Samarbeidspartar*

Det er viktig for oss å ha fleire faggrupper å hente kompetanse og ressursar frå

### **PPT- pedagogisk psykologisk teneste**

Barnehagen har kontakt og samarbeid med denne tenesta ut frå skriftleg tilvisning frå foreldre. PPT kan gjere observasjonar og utgreiing, samt gje personal og foreldre rettleiing i spesielle saker og på fagleg grunnlag.

### **Helsestasjonen:**

Kontakt og oppfølging blant anna ved at vi kan ta opp ulike helsemessige spørsmål og problem.

### **Barnevernet:**

Samarbeid mellom barnehage, foreldre og barnevern i frivillige tiltak. Barnehagen har melde- og informasjonsplikt i barnevernssaker.

## *Foreldresamarbeid*

Vi ynskjer ei engasjert foreldregruppe og det er mange måtar de kan medverke til barnehagens innhald på:

Samarbeidet med foreldre kan gå fører seg gjennom formelle kanalar, som foreldreråd og samarbeidsutval. Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen og de kan ta opp saker direkte eller de kan bruke foreldrekontakten, som i år er Ann Elisabeth Whitehead og Hanne Stokkebekk. Foreldrekontaktane kan vere bindeledd mellom heimen, foreldra og barnehagen.

Ein kan også ta opp saker på foreldremøte og i foreldresamtalar som meir uformelt samarbeid. Barnehagen ynskjer samarbeid med foreldra/føresette på fleire plan:

- i høve til kvart einskilt barn
- til barnegruppa
- til barnehagen som heilskap
- til oppvekstmiljøet

Foreldra har ansvar for om barna har nok skift i hylla, gode utekle som passar til ulike vêrforhold. Vidare at ein tek med heim og ser over regnklede og dressar jamleg og passar på at strikk er på plass under regnbuksa/dressen. Vi ynskjer at de merkar alle kle og sko med namn.

### **Foreldremøte**

Vi har inntil to foreldremøte pr. år. Om hausten vil dette først og fremst vere eit informasjonsmøte, medan møtet på våren er i høve aktuelle tema. Foreldre er hjarteleg velkomne til å føreslå tema som er aktuelle for foreldre og personale å lære meir om.

### **Foreldresamtaler**

Det vert gjeve tilbod om to foreldresamtalar pr.år, Før kvar foreldresamtale har personalet observert barnet individuelt og i gruppe, og det er den generelle utviklinga og trivselen til barnet som er utgangspunkt for samtalen. I tillegg nyttar vi observasjonsskjemaet TRAS på barn i alderen 2-6 år. Det er høve for foreldra å ta opp andre tema som har med barnet å gjere. Om ein skulle ha behov for ekstra samtaler utanom desse to samtalene ta kontakt med pedagogisk leiar.

### **Dagleg kontakt**

Den daglege kontakten med foreldre i hente- og bringesituasjonen er eit godt utgangspunkt for viktige beskjedar og informasjon mellom foreldra og personalet.

### **Brukarundersøking**

Anna kvar år er det brukarundersøking og det er til stor hjelp for oss som barnehage at alle deltek og svarer så ærleg som mogleg.

## *Personalsamarbeid*

Eit godt personalsamarbeid gjev gode moglegheiter for å utvikle gode samarbeidsformer med foreldra samstundes som det og skaper eit godt klima i barnehagen.

Mål for personalsamarbeidet:

- Personalet skal vise omsyn til kvarandre.
- Arbeidet til kvar einskild skal vere utviklande og kjennest meningsfylt.
- Arbeidsoppgåver skal fordelast etter kompetanse, evner og interesse.
- Hovudfokus skal vere arbeid knytt opp mot barna.

## *Temaval og årshjulet*

Ved planlegging av tema gjennom året legg vi vekt på det som er aktuelt for barna til ei kvar tid og som det er viktig for oss å gje dei erfaringar og kunnskap om. På kva måte dei ulike barna deltek i temaaktivitetane vil vere avhengig av alder. Vi forsøker å knytte tema opp mot fagområda i rammeplanen og det som er naturlege tema i løpet av året, som årstidene og dei store markeringane som jul, påske og nasjonaldag.

## *Dokumentasjon og vurdering av det pedagogiske arbeidet.*

Vi brukar personalmøter og planleggingsdagar til å vurdere/reflektere over arbeidet i barnegruppa, utviklinga til einskildsbarn og i forhold til tema og aktivitetar.

Desse skal vere med på å synleggjere barnehagen og det arbeidet barnehagen gjer i forhold til barna.

Dei daglege aktivitetane vert dokumentert skriftleg og med bilete på oppslagstavla ved utgangsdøra. Kvart barn har eigen perm der vi set inn bilder, teikningar og andre ting som dei lagar i løpet av barnehagetida.



# Aktivitetsplan 2021-2022



Månad	Veke	Dato	
august	32	<b>13.aug</b>	<b>Planleggingsdag - STENGT</b>
	32-34		<b>Tema: Meg og mi familie</b>
september og oktober	35-39		<b>Tema: Nærmiljø og trafikk</b>
	38		Brannvernveke
	39	27.sep	Foreldremøte
	42	18.okt.	SU-møte
	40-43		<b>Tema: Gjennom Forut blir vi kjent med Indrani og har fokus på kulturelle ulik-og likskapar.</b>
	43		<b>Foreldresamtalar</b>
november	44-47		Tema: Natur, miljø og hausten
	45	<b>12.nov.</b>	<b>Planleggingsdag - STENGT</b>
desember	48-52		<b>Tema: vinter og jul</b>
	49		Julebesøk i kyrkja
	50	13.des	Lucia og foreldrefrukost
	51	21.des	Julefest og nissegraut
	51	<b>24.des</b>	<b>julaaftan - stengt</b>
	52	<b>31.des</b>	<b>Nyttårsafta . Stengt</b>
januar og februar	2-8		<b>Tema: Alf Prøysen</b>
	4	<b>24.jan</b>	<b>Planleggingsdag - STENGT</b>
	5	04.feb	markere samefolkets dag + solfest når sola kjem til Karstad
Mars	9-13		<b>Tema: Våren og nytt liv i naturen.</b>
	9	04.mar	Karneval
	10		Barnehagedagen
	11	<b>18.mar</b>	<b>Planleggingsdag - STENGT</b>
April	14-17		<b>Tema: påske og vår</b>
	14		Påskebesøk i kyrkja - påskeevangeliet.
	17		Foreldresamtalar
mai og juni	18-25		<b>Tema: natur, miljø, vår og sommar.</b>
	21		Avslutningstur med førskulebarn (ilag med Slåtdebakkane?)
	24	<b>17.jun</b>	<b>Planleggingsdag - STENGT</b>
	24/25		Sommarfest ein ettermiddag når det er fint vær.